

RØLDAL FJELLSTYRE



Eriksbu

Foto: HF

ÅRSMELDING 2020

INNHALD:

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og stølar**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**
- 7. Tenestekjøp**
- 8. Ymse**

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Ullensvang kommune i Vestland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg syd for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenninga ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigd saman med beite og bidreg til eit aktivt stølsliv i fjellet.

2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2019 – 2023 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Tor Helge Haara Tjemsland	- vara: Svein Myrheim
Nestleiar:	Håkon Småbrekke	- vara: Heine Eikemo
Styremedlem:	Randi T. Legård	- vara: Britt B. Solbakken
Styremedlem:	Anne Marie G. Rabba	- vara: Kati Must Nybø
Styremedlem:	Andre Botnen	- vara: Jan Øvregård

Fjellstyret har hatt 10 styremøte i 2020 og handsama 81 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). All småviltjakt og fiske vart i 2020 seld på Inatur.no. Reinsjakta til innanbygds vart seld via fjellstyre, medan reinsjakta til utanbygds vart seld på Inatur.no.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH):

6 fjellstyre er med her:

Røldal fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

I tillegg er Hardangervidda Grunneigarsamskipnad med med ein liten eigarandel.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (94 fjellstyre).

3. Hytter og stølar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 75,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 200,-

Oppbevaringsboks: kr. 250,- pr.år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

Hytter:

Ninive 1202 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m² og har 6 senger.

Eriksbu 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m² og har 12 senger.

Gamlebua 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m² og har 6 senger.

Ulevåbotnen 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Denne har no fått status som fjellstyrehytte og skal driftast vidare som fjellstyrehytte.

Stølar:

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag.

Ståvassvika 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut.

I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

Midtfjellsvollen 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar. Her vart det gjort eit større arbeid i 2020 der det vart bytta kledning, etterisolert, bytta vindauge og dører samt ein del arbeid i kjellar.

Hadlene 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

4. Villreinjakt

Tildelt og felt i 2020

Setesdal-Ryfylke

Tildelt:

4 valfrie

10 simler

15 kalv

Oversikt felte dyr på Setesdal-Ryfylke villreinområde på løyvene tildelt SE146-6:

	Kalv	1 1/2 år	2 1/2 år og eldre	Sum
Hanndyr	1		1	2
Hodyr			1	1
Sum	1	0	2	3

Hardangervidda

Tildelt:

103 bukkar og 103 frie dyr

Oversikt felte dyr på Hardangervidda villreinområde på løyvene tildelt HA280:

	Kalv	1 1/2 år	2 1/2 år og eldre	Sum
Hanndyr	2	9	72	83
Hodyr	2	4	26	32
Sum	4	13	98	115

Prisar på fellingsløyve for rein i 2020:

Fritt dyr-1700,- for innanbygds

Bukk-1300,- for innanbygds. Ved tildeling av bukk nr 2- 1300,-, ved tildeling av bukk nr 3 1000,-

Doble priser for utanbygds

Inntekt villreinjakt: 444.900,-

5. Småviltjakt

1. Det opnast opp for rjupejakt fom 1 oktober 2020 tom 28 februar 2021
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare
3. Det kan skytast 2 ryper pr dag pr jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Det opprettast egne ungdomskort for jegerar mellom 16-20 år, dette løysast ved å legge rabatt tilsvarande halv pris på årskort og dagskort.
5. Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
6. Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
7. Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 40 pr dag gjennom året. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne og denne kan jaktast både på smårovviltkortet og småviltkortet.

Prisar for småviltjakt på Røldal SA

Dagskort: 250,-

Dagskort ungdomskort: (16-20 år) 125,-

Vekeskort: 1 400,-

Sesong: 2 000,-

Halv pris for innanbygds.

Korttyper og varigheit:	Utanbygds	
Innanbygds		
Alle:		
Sesongkort 01.10-28.02	20	15
Vekekort, periode 1-01.10-07.10	10	10
Vekekort, periode 2-08.10-14.10	10	10
Dagskort fom 15.10 tom 28.02	10	10

Inntekt småviltjakt: 114 387,-

Sal småviltkort 2020			
		Totalt kjøpt	Begrensing
Innanbygds	Sesong	12	20
	Veke	2	20
	Dag	23	10 per dag
	Smårovvilt	0	n/a
Utanbygds	Sesong	15	15
	Veke	20	20
	Dag	159	10 per dag
	Smårovvilt	13	n/a
Totalt salg		244	

I perioden 01. januar til 29. februar var det ikkje opna for sal av dagskort eller vekeskort. Det var i denne perioden berre mogleg å jakt for jegerar med sesongkort for sesongen 2019-2020.

6. Fiske

Prisar:

Garnfiske

Sesong kr. 500,- (250,- for ungdom) (innanbygds, gjev og rett til stongfiske)

Stong

1 døger kr. 100,-

3 døger kr. 250,-

Veke kr. 350,-

Sesong kr. 700,-

Røldal statsallmenning har felles fiskekortordning med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord statsallmenning på Hardangervidda.

Fellesfiskekort

Veke 500,-

Sesong 1000,-

Inntekt fiske: 58 591,-

7. Tenestekjøp

Tjenestekjøp Røldal fjellstyre, 2020

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:	5			
Småviltjakt:				
Anna:	9			
* Villreinjakt:	22,0			
		429	36,0	15444
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transport: inkl køyring bil møter	62,5			

	Tilsyn-hytter:	7,5			
	Reperasjon/vedlikehald av hytter:	182			
	Renovasjonsarb.:				
	Synfaringar og anna:	2	429	254,0	108966
	FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
		149	311	149,0	46339
	ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:				
		5,5			
*	Villreinjakt s:	6			
**	HF drift	156,1	311	167,6	52124
	Andre kostnader:				
			SUM		222873
	2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid		Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
	Sal av jakt og fiskekort m.m:	1	622	1,0	622,00

7. Ymse

Røldalsmarknaden

Røldalsmarknaden vart ikkje avvikla i år pga koronapandemien.

Støtte

Røldal Fjellstyre mottok støtte på kr 35 000 til båt, redningsvestar og fiskekultivering. Fjellstyret brukte desse midlane til innkjøp og transport av båt til Holmavatnet. Det vart i tillegg kjøp inn redningsvestar til alle fjellstyrehyttene i Hedlevass og Ninive.

Fjellstyret takkar alle for dugnadsinnsatsen i 2020.

Røldal januar 2021

Tor Helge H. Tjemsland
Leiar

Sveinung H. Olsnes
Fjelloppsyn/sekretær